



Synnøve Willassen Haaland  
Elvavegen 31  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/134 - 19/2964

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:

12.02.2019

## Godkjenning – GBNR 23/582 – Løyve til arealoverføring til gbnr. 23/567 – Elvaåsen

**Administrativt vedtak. Saknr: 30/2019**

**Tiltakshavar:** Synnøve Willassen Haaland  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Advokat Vegard Nataas, har på vegne av heimelshavarar av gbnr. 23/582 Synnøve W Haaland og Øyvind Haaland, søkt om løyve til overføring av eit areal på om lag 28 m<sup>2</sup> frå gbnr. 23/582 til gbnr. 23/567.

Det omsøkte arealet på gbnr. 23/582 er angitt som f\_ØK03 i reguleringsplan for Elvaåsen, plaind: 125620110003, og ble ved ein feil tatt med då gbnr. 23/582 ble frådelt. Det er også tatt med eit lite areal mellom fortauet og f\_ØK03 som skal brukast til plassering av postkassestativ.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 23.01.2019.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3, men kommunen finn ikkje grunnlag for å krevje nabovarsling ettersom tiltaket i lita grad får verknad for naboar.

#### Lov- og plangrunnlag:

Arealoverføring er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter pbl §§ 20-4, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at [o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan».*

Det omsøkte areal er regulert til *andre kommunaltekniske anlegg* gjennom Reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003. Tiltaket er i samsvar med planen og kan difor godkjennast.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-4, jf. §§ 20-2 og 20-1 bokstav m) løyve til overføring av eit areal på om lag 28 m<sup>2</sup> frå gbnr. 23/582 til gbnr. 23/567, i samsvar med søknad og vedlagte reguleringskart journalført motteke 23.01.2019.*

*Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala som vert overført vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.*

*Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering, jf. pbl § 21-9».*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar

Hanne Marie Evensen  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om arealoverføring - GBNR 23/582  
Reguleringskart

**Kopi til:**

Advokat Vegard Nataas	Kaigaten 1D	5015	BERGEN
-----------------------	-------------	------	--------

**Mottakarar:**

Synnøve Willassen Haaland	Elvavegen 31	5918	FREKHAUG
Øyvind Haaland	Elvavegen 31	5918	FREKHAUG